Naturvernforbundet
i Møre og Romsdal

Tingvoll, 10.11.2026

Miljødirektoratet
v/Rovviltnemnda region 6
v/Statsforvaltaren i Trøndelag
sftlpost@statsforvalteren.no

KLAGE –
VEDTAK OM KVOTE OG OMRÅDER FOR KVOTEJAKT PÅ GAUPE I REGION 6 MIDT NORGE I 2027

Vi viser til vedtak i rovviltnemnda 20.10.2026, sak 38/26.

Naturvernforbundet klager på vedtaket. Vi meiner kvota er for høg.

Naturvernforbundet kan på førespurnad gjere nærare greie for vår klagerett.

Naturvernforbundet legg til grunn at gaupa er ein viktig del av våre økosystem. Grasetarar som hjort og rådyr har få naturlege fiendar i området, bortsett frå gaupa. Samtidig vil ein stor bestand av hjortedyr ha innverknad på førekomst av rogn, osp og selje (ROS-artane), alm, blåbær, einer og fleire. Når ein finn beitespor på hassel, lønn, gran og gråor, så ser ein teikn på ein for høg bestand av hjortedyr over tid.

Det har vore antatt at det har vore mykje gaupe i Tingvoll ei tid, og ei mogleg forklaring er nettopp at det har vore stor tilgang på mat utanom beiteperioden for husdyr, i form av hjortedyr.

Det har også vore ein del tap av sau, ein del skuldast gaupe. Dette ser ut til å ha snudd ein del.

I 2026 ser vi at rovbase har ein sau tatt av gaupe i Tingvoll og ein i Surnadal. I dei to kommunane er det felt 2 gauper, ein av kvart kjønn, i tillegg til at det er avgang av ei gaupe i Aure.

Framlagde opplysningar om familiegrupper registrert i Møre og Romsdal seier at det ikkje er påvist familiegrupper i Møre og Romsdal ved siste telling. Vi er litt usikre på om talet er å rekne som endeleg. Uansett ligg talet registrerte familiegrupper langt under 4 som har vore det talet familiegrupper Møre og Romsdal har hatt ansvar for nokre år.

Det kan sjå ut til at det er eit omskifte når det gjeld gaupe i Møre og Romsdal. Dei som får betalt for det kan jo få legge fram moglege årsaker. Naturvernforbundet blir nøydd til å basere seg på det vi har sett gjennom mange år, utan at vi kan måle og vege dette.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – E-post: moreogromsdal@naturvernforbundet.no – Org. Nr. 871367132
www.naturvernforbundet.no/mr

Naturvernforbundet trur at ein betydeleg nedgang i gaupebestanden i Tingvoll er reell. Det skuldast mellom anna ein kombinasjon av betydeleg jakt og mindre tilgang på mat om vinteren. I tillegg kan det vere skeiv kjønnsfordeling i familiegruppene. Det kan vere at tidlegare antatt høg bestand har vore litt overvurdert. Det kan vere avgang som er ukjent. Endringa har vore såpass stor at mange årsaker er moglege.

Naturvernforbundet meiner at ein no må legge til grunn at bestanden i Tingvoll og på Nordmøre er vesentleg lågare enn målet. Kor mange familiegrupper ein skal legge til grunn for å rekne ut om det kan tildelast kvote, er no veldig vanskeleg å seie. Eller eigentleg ganske lett: Ein ligg så langt under at det ikkje skal jaktast i vinter. Det siste året har det dessutan knapt vore tap av beitedyr til gaupe i Møre og Romsdal.

Det er nødvendig å halde hjorteviltbestanden så lågt at skogen kan ta seg igjen. Det er nødvendig med ein gaupebestand for å få det til. Vi vil spesielt vise til naturmangfaldlova §§ 4-5. Dette er rovviltnemnda sitt ansvar.

Det er følgjeleg ikkje noko jaktbart overskot i gaupebestanden i Møre og Romsdal i vinter. Vidare er kvota for hodyr for stor for heile region 6.

Gaupe er ein art som står på raudlista som sterkt truga (EN). Det er alltid eit mål å redusere ein art sin raudlistegrad.

Konklusjon
Det skal ikkje tildelast kvote for Møre og Romsdal. Hodyrkvota i region 6 må reduserast.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær